

Halvårsrapport
pr. 30.06.2021

HALVÅRSRAPPORT PR. 30.06.2021

Resultat

Banken har pr. 30.06.2021 oppnådd ein rentenetto på kr. 31,1 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,57 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr. 37,3 mill. og i prosent av gfk 1,95 %. Rentenettoen i kroner har gått ned med kr 6,2 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Eit tapsmerka engasjement vart gjort opp første halvår 2020. Dette gjorde at Luster Sparebank kunne inntektsført avsette, ikkje inntektsførte renter på engasjementet på første halvår 2020. Dette forklarar deler av reduksjon i rentenetto pr 30.06.2021 i forhold til same tidspunkt i fjor. I tillegg sette Norges Bank våren 2020 ned styringsrenta for å motverke den økonomiske nedturen som følgje av Covid19-pandemien. Luster Sparebank sette også ned sine renter i april 2020. Utlånsrentene vart sett ned meir enn innskotsrentene. Dette har redusert rentenetto i prosent 1. halvår 2021 i forhold til 1. halvår 2020.

Netto andre driftsinntekter pr. 30.06.2021 er på kr 13,1 mill. som er kr 0,6 mill. høgare enn pr. 30.06.2020. Finansielle institusjonar fekk ikkje dele ut utbytte første halvår 2020. I og med at Luster Sparebank har vesentlege eigarandelar i selskap som kom inn under desse reglane, var inntekter frå utbytte lågare første halvår 2020 enn første halvår 2021.

Sum driftskostnader har gått ned samanlikna med fjoråret.

På tap på utlån og garantiar har ein pr 30.06.2021 kostnadsført kr 0,4 mill. i tap. Pr 30.06.2020 var kostnadsførte tap kr 10,5 mill.

Pr 30.06.2021 er resultat etter skatt og andre inntekter/kostnader kr 18,7 mill. mot kr 14,0 mill. på same tidspunkt i 2020.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.06.2021 er på kr 4.081,3 mill. Auke i forvaltningskapital siste 12 månader er på kr 159,0 mill. (4,0 %). Forretningskapitalen som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.06.2021 på kr 4.857,0 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 274,8 mill. eller 6,0 %.

Netto utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.278,9 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 96,9 mill. eller 3,1 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.06.2021 overført kr 775,7 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 659,9 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste 12 månader auka med kr 212,8 mill. eller 5,5 %. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.06.2021 er fordelt med 26,6 % på næring og 73,4 % på personmarknad og offentlig sektor. På same tidspunkt i fjor var fordelinga 26,7 % på næring og 73,3 % på personmarknad og offentlig sektor.

Innskot frå kundar er bokført med kr 3.031,9 mill. Veksten siste året er på kr 164,5 mill. eller 5,74 %.

Banken har langsiktig lånt inn kr 145,2 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har teke opp obligasjonslån for kr 274,6 mill. Banken si innskotsdekning er 92,5 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkreditselskap halde utanfor.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette utlån utgjer kr 68,4 mill. kr. pr. 30.06.2021. Dette er ein auke på kr 13,10 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har gått opp med kr 5,3 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2021.

Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr. 30.06.2021 har banken ein netto ansvarleg kapital på kr 493,4 mill. Heile banken sin netto ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.073,8 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 23,79 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.06.2021 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 24,69 %.

Luster Sparebank rapporterer også kapitaldekning på konsolidert nivå. På konsolidert nivå inngår banken sine eigarandelar i samarbeidane finansinstitusjonar Brage Finans AS og Verd Boligkreditt AS. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 21,70 %, kjernekapitaldekning på 21,96 % og ei kapitaldekning på 22,30 %.

Utsiktene for resten av året

Forskjellen mellom utlånsrenter og innskotsrenter er blitt redusert. Dette reduserer inntektene til banken.

Luster Sparebank har gjennomgått banken sin portefølje av BM-kundar. Denne gjennomgangen syner at Covid19-pandemien har hatt liten eller ingen innverknad på banken sine kundar.

Det er viktig å overvake kredittrisikoen i banken si utlånsportefølje. Det er og viktig å halde kontroll på kostnadane slik at ein tilpassar seg ein situasjon med lågare inntekter.

Luster Sparebank har hatt ei god resultatutvikling så langt i 2021. Likviditeten er god. Banken har god kapitaldekning. Styret vurderer det slik at banken er godt rusta til å handtere situasjonen Covid19-pandemien har skapt.

Gaupne, 12.08.2021

I styret for Luster Sparebank

Svein Ove Slinde
Styreleiar

Ove Nyland

Siri Johanne Solberg Dalehaug

Anette Stegegjerdet Norberg

Inge Teigen

Oddstein Haugen
Banksjef

RESULTATREKNESKAP

(Tal i heile 1.000)

	30.06.2021	30.06.2020	2. kvartal 2021	2. kvartal 2020	31.12.2020
Renteinntekter og liknande inntekter	40.632	59.528	20.891	22.980	101.438
Rentekostnader og liknande kostnader	9.497	22.214	4.704	9.875	32.393
Netto renteinntekter	31.135	37.314	16.187	13.105	69.045
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	7.015	6.791	3.446	3.701	15.278
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-1.132	-1.048	-558	-372	-2.028
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	7.391	2.777	5.616	2.767	6.608
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	-203	3.328	1.154	5.656	10.104
Andre driftsinntekter	1	607	0	331	87
Netto andre driftsinntekter	13.072	12.455	9.658	12.083	30.049
Løn og andre personalkostnader	9.107	9.517	3.817	3.672	19.972
Andre driftskostnader	9.397	10.540	4.499	5.375	18.518
Ordinære avskrivningar	492	491	249	242	1.107
Sum driftskostnader	18.996	20.548	8.565	9.289	39.597
Tap på utlån, garantiar o.l.	388	10.509	1.197	6.365	18.993
Driftsresultat før skatt	24.823	18.712	16.083	9.534	40.504
Skattekostnad	6.205	4.678	4.020	2.384	10.326
Resultat etter skatt	18.618	14.035	12.063	7.150	30.178
Utvida resultat					
Andre inntekter og kostnader	62	41	21	41	-290
Totalresultat	18.680	14.076	12.084	7.191	29.888

BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	30.06.2021	30.06.2020	31.12.2020
Kontantar og kontantekvivalentar	72.115	73.065	71.454
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	176.964	172.268	165.529
Utlån til og fordringar på kundar	3.278.899	3.181.902	3.178.855
Rentebærande verdipapir	0		0
Obligasjons- og pengemarknadsfond	369.195	296.961	293.559
Aksjar og grunnfondsbevis	138.583	132.410	137.162
Aksjefond	0	8.766	9.209
Immaterielle eigendeler	49	254	133
Varige driftsmidlar	7.298	4.335	7.573
Eigendeler ved utsatt skatt	4.916	6.768	4.937
Andre eigendeler	33.275	45.525	26.862
SUM EIGENDELER	4.081.294	3.922.254	3.895.273
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	145.172	65.048	65.061
Innskot og andre innlån frå kundar	3.031.921	2.867.379	2.821.436
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	274.586	400.899	400.735
Anna gjeld	19.732	17.948	3.927
Avsetningar	26.002	22.434	37.962
Sum gjeld	3.497.413	3.373.708	3.329.121
Sum eigenkapital	583.881	548.546	566.152
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	4.081.294	3.922.254	3.895.273
Garantiansvar	24.552	29.427	25.298
Pantsetjingar	246.945	193.663	207.063
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	775.728	659.929	835.705
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	3.988.284	3.844.534	3.831.043

RESULTATANALYSE

(i prosent av gjennomsnitlig forvaltningskapital)	30.06.2021	30.06.2020	31.12.2020
Renteinntekter og liknande inntekter	2,05 %	3,11 %	2,65 %
Rentekostnader og liknande kostnader	0,48 %	1,16 %	0,85 %
Netto renteinntekter	1,57 %	1,95 %	1,80 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,35 %	0,36 %	0,40 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,06 %	-0,05 %	-0,05 %
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	0,37 %	0,15 %	0,17 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	-0,01 %	0,17 %	0,26 %
Andre driftsinntekter	0,00 %	0,03 %	0,00 %
Netto andre driftsinntekter	0,66 %	0,65 %	0,78 %
Løn og andre personalkostnader	0,46 %	0,50 %	0,52 %
Andre driftskostnader	0,48 %	0,55 %	0,48 %
Ordinære avskrivningar	0,02 %	0,03 %	0,03 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	0,96 %	1,07 %	1,03 %
Tap på utlån, garantiar o.l.	0,02 %	0,55 %	0,50 %
Driftsresultat før skatt	1,26 %	0,98 %	1,06 %
Skattekostnad	0,31 %	0,24 %	0,27 %
Resultat etter skatt	0,94 %	0,73 %	0,79 %

ENDRING I EIGENKAPITAL

(NOK 1 000)	Fond for urealiserte gevinster	Sparebankens fond	Gavefond	Eigenkapital
Eigenkapital pr. 01.01.2019	0	441.308	18.700	460.008
Årsresultat	0	30.540	3.000	33.540
Overført til gavefond klassifisert som gjeld			-3.000	-3.000
Eigenkapital pr. 31.12.2019	0	471.848	18.700	490.548
Ny måling av finansielle eigendeler	38.828			38.828
Reklassifisering gåvefond			4.293	4.293
Reduksjon i tapsnedskrivning etter IFRS 9	1.462			1.462
Skatteeffekt på verdiendringar	-21			-21
Eigenkapital pr. 01.01.2020	40.269	471.848	22.993	535.110
Resultat før andre inntekter og kostnader		27.178	3.000	30.178
Poster ført over andre inntekter og kostnader		-290		-290
Totalresultat 31.12.2020		26.888	3.000	29.888
Utbetalt frå gåvefond			-2.314	-2.314
Transaksjonar ved fusjon		3.468		3.468
Eigenkapital pr. 31.12.2020	40.269	502.202	23.679	566.152
Resultat før andre inntekter og kostnader		18.618		18.618
Poster ført over andre inntekter og kostnader		62		62
Totalresultat 30.06.2021		18.680	0	584.832
Utbetalt frå gåvefond			-951	-951
Eigenkapital pr. 30.06.2021	40.269	520.882	23.679	583.881

NOTEOPPLYSNINGAR

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak".

Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

- 1) IFRS 13. Det blir istaden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskriften § 7-3.
- 2) IFRS 15.113-128
- 3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i henhold til gjeldande IFRS standarder og IFRIC fortolkningar.

Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap og bør leses i sammenheng med årsrekneskap for 2020.

Rekneskapsprinsipp beskrevet over er blitt nytta ved utarbeiding av åpningsbalanse etter IFRS.

Vi viser til note 20 i årsrapport for 2019 som syner banken sin åpningsbalanse etter IFRS og effektane av denne overgangen.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfeller må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar.

Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og forutsetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sansynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytta usikkerhet til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for anvendte estimat og skjønsmessige vurderingar. I årsrekneskapet er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

NOTE 2 UTLÅN TIL KUNDAR

	30.06.2021	30.06.2020	31.12.2020
Personkunder	2.401.605	2.323.718	2.308.760
Offentleg sektor	13.583	16.391	14.987
Finans og andre sektorar	18.854	16.364	12.063
Næring			
- Primærnæring	135.125	140.932	142.969
- Industri	40.519	45.975	57.653
- Kraftproduksjon	33.080	34.872	34.555
- Bygg og anlegg	176.590	106.266	112.633
- Handel	54.258	49.236	49.782
- Hotell og restaurantdrift	58.151	70.265	59.781
- Transport	31.622	31.521	31.848
- Eigedomsdrift	286.984	305.063	320.571
- Andre tjenesteytande næringar	64.899	71.138	70.372
- Interesseorganisasjonar	959	955	957
Sum utlån før nedskrivningar	3.316.229	3.212.696	3.216.931
Trinn 1 nedskrivningar	-6.345	-4.185	-5.698
Trinn 2 nedskrivningar	-3.279	-1.442	-2.531
Trinn 3 nedskrivningar	-389	-2.045	-2.434
Individuelle nedskrivningar	-28.748	-24.311	-28.782
Tilbakeførte nedskrivningar trinn 1 på lån som kan selges til Verd Boligkreditt AS (lån til personmarknaden)	1.431	1.189	1.369
Sum utlån til og fordringar på kunder	3.278.899	3.181.902	3.178.855
Overført til Verd Boligkreditt AS	775.728	659.929	835.705
Totale utlån	4.054.627	3.841.831	4.014.560

Fordeling av utlån til kunder utifrå om utlån er vurdert til amortisert kost eller til verkeleg verdi

	30.06.2021	30.06.2020	31.12.2020
Amortisert kost			
Næringslivskunder	882.187	856.223	881.121
Offentleg sektor	13.583	16.391	14.987
Finans og andre sektorar	18.854	16.364	12.063
Nedskrivning trinn 1	-4.914	-2.997	-4.354
Nedskrivning trinn 2	-3.043	-1.257	-2.301
Nedskrivning trinn 3 modellbasert	-388	-1.995	-2.375
Nedskrivning trinn 3 individuelle	-28.441	-23.828	-28.478
Sum utlån vurdert til amortisert kost	877.838	858.901	870.663
Verkeleg verdi			
Personkunder	2.401.605	2.323.718	2.308.760
Nedskrivning trinn 1	-1.431	-1.189	-1.369
Nedskrivning trinn 2	-237	-186	-206
Nedskrivning trinn 3 modellbasert	-2	-48	-59
Individuelle nedskrivningar	-305	-483	-305
Tilbakefører trinn 1 då verkeleg verdi av utlån er definert som utlån til amortisert kost + nedskrivning trinn 1	1.431	1.189	1.369
Sum utlån vurdert til verkeleg verdi	2.401.061	2.323.001	2.308.190

Trinn 1 personkunder 01.01	1.369	1.148	1.148
Trinn 1 personkunder ved periodeslutt	1.431	1.189	1.369
Endring resultatføres i utvida resultat	62	41	221

Utlån vurdert til amortisert kost	877.838	858.901	870.663
Utlån vurdert til virkeleg verdi	2.401.061	2.323.001	2.308.190
Sum utlån til og fordringar på kundar	3.278.899	3.181.902	3.178.853

MISLEGHALD OG TAPSUTSETTE, NEDSKRIVING PÅ UTLÅN

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

	30.06.2021	30.06.2020	31.12.2020
Misleghald næringlivskundar	39.209	40.401	40.921
Misleghald personkundar	776	2.320	4.196
Brutto misleghaldne engasjement	39.985	42.721	45.117
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	24.032	20.936	24.185
Netto misleghaldne engasjement	15.953	21.785	20.932

Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne

	30.06.2021	30.06.2020	31.12.2020
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	28.415	12.599	26.367
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	4.715	3.381	4.597
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	23.700	9.218	21.770

NEDSKRIVING ETTER IFRS 9

Pr 30.06.2021

	Steg 1 Modellbasert 12 mnd. tap	Steg 2 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Individuelt vurdert	Sum ned- skrivningar
Individuell nedskrivning	0	0	0	28.747	28.747
Utlån og kredittar til kundar	6.345	3.280	390	0	10.015
Unytta kredittar til kundar	259	80	1	0	340
Garantiar til kundar	115	46	46	0	207
Innskot/fordring på kredittinstitusjon	0	0	0	0	0
Sum nedskrivningar	6.719	3.406	437	28.747	39.309
Bokført som reduksjon eigendeler	6.345	3.280	390	28.747	38.762
Bokført som auke annan gjeld	374	126	47	0	547
Sum nedskrivningar	6.719	3.406	437	28.747	39.309

ENDRING I NEDSKRIVING ETTER IFRS 9

	Steg 1 Modellbasert 12 mnd. tap	Steg 2 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Individuelt vurdert	Sum ned- skrivningar
Nedskrivningar 01.01.2021	5.973	2.635	2.506	28.782	39.896
Overføringer:					
Overført til trinn 1	1.392	-405	-986	0	1
Overført til trinn 2	-363	1.072	-708	0	1
Overført til trinn 3	-21	-36	57	0	0
Netto endring	-1.029	386	-140	739	-44
Nye tap	1.709	15	76	404	2.204
Frårekna tap	-984	-324	-368	-480	-2.156
Konstatert tap		0		-698	-698
Inngått på tidligare konstaterte tap		0	0	0	0
Endring i risikomodel/parmetre	43	62	0	0	105
Andre endringar	0	0	0	0	0
Nedskrivningar 30.06.2021	6.720	3.405	437	28.747	39.309
Bokført som reduksjon eigendeler					38.762
Bokført som auke annan gjeld					547
Sum nedskrivningar 30.06.2021					39.309

NOTE 3 VERDIPAPIR

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsvardiar. Banken verdsetter børsnoterte aksjar og fond etter denne metoden

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadssdata. Pr 31.13.2020 har ikkje banken verdipapir som blir verdsett etter denne metoden.

Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadssdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

Verdipapir pr 30.06.2021	Antall	Verkeleg verdi (i heile 1000)	Verdsettjingshirarki		
			Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Pengemarkedsfond					
DNB Likviditet iV	49.603	50.194	50.194	0	0
Holberg Likviditet	294.390	30.077	30.077	0	0
Odin Likviditet	10.045	10.080	10.080	0	0
Pareto Likviditet	31.966	31.899	31.899	0	0
DNB European Covered Bonds	134.338	94.897	94.897	0	0
DNB Global Treasury	71.202	65.307	65.307	0	0
Dnb OMF	86.316	86.741	86.741	0	0
Sum obligasjons og pengemarknadsfond		369.195	369.195	0	0

Aksjar og grunnfondsbevis					
Balder Betaling AS	159.789	3.768	0	0	3.768
Brage Finans AS	2.170.040	30.185	0	0	30.185
DNB Bank ASA	15.942	3.089	3.089	0	0
Eiendoms kreditt AS	99.222	15.065	0	0	15.065
Frende Holding AS	38.324	19.842	0	0	19.842
Gjensidige Forsikring ASA	11.193	2.159	2.159	0	0
Lerum Brygge AS	4.000	2.000	0	0	2.000
Luster Energiverk AS	1.359	17.667	0	0	17.667
Norne Securities AS	117.095	237	0	0	237
Verd Boligkreditt AS	38.367	41.552	0	0	41.552
Visa		1.241	0	0	1.241
Kredittforeningen for Sparebanker	460	552	0	0	552
Sogn Sparebank	7.600	859	859	0	0
Andre aksjer		367	0	0	367
Sum aksjar og grunnfondsbevis		138.583	6.107	0	132.477

Avstemming		Nivå 3
Inngående balanse 01.01		131.551
Realisert vinst/tap		274
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet		-1.099
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat		0
Investering		7.816
Salg		-6.065
Utgående balanse		132.477

NOTE 4 INNSKOT FRÅ KUNDAR FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING

	30.06.2021	30.06.2020	31.12.2020
Lønstakarar	2.243.832	2.143.494	2.123.634
Offentleg sektor	180.324	143.374	118.563
Finans og andre sektorar	108.957	98.609	102.989
Næring			
- Primærnæring	69.985	72.321	56.655
- Industri	25.915	16.718	16.608
- Kraftproduksjon	30.928	31.956	22.461
- Bygg og anlegg	105.947	100.506	94.552
- Handel	36.377	41.754	48.301
- Hotell og restaurantdrift	26.657	24.194	28.099
- Transport	8.935	11.573	9.371
- Eigedomsdrift	98.881	76.696	88.792
- Andre tjenesteytande næringer	88.651	95.193	99.749
- Interesseorganisasjonar	6.532	10.991	11.662
Sum innskot	3.031.921	2.867.379	2.821.436

NOTE 5 INNLÅN FRÅ KREDITTINSTITUSJONAR OG FINANSMARKNADEN

Innlån frå kredittinstitusjonar	30.06.2021			
	Opptak	Forfall	Pålydande	Bokført verdi inkl renter
Kredittforeningen for Sparebanker	16.01.2020	10.02.2023	30.000	30.037
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	30.000	30.043
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	50.000	50.084
Kredittforeningen for Sparebanker	17.06.2021	11.11.2024	35.000	35.008
Sum gjeld til kredittinstitusjonar			145.000	145.172
Obligasjonar notert på Nordic ABM				Bokført verdi
ISIN-nr	Opptak	Forfall	Pålydande	inkl renter
NO0010813967	11.01.2018	11.01.2022	5.000	5.013
NO0010822018	04.05.2018	04.05.2022	20.000	20.038
NO0010835333	01.11.2018	01.11.2022	60.000	60.112
NO0010873573	24.01.2020	24.08.2023	70.000	70.119
NO0011036766	25.06.2021	25.06.2025	60.000	60.016
NO0010993033		04.05.2026	60.000	60.099
Over/underkurs				-811
Sum obligasjonar			275.000	274.586

NOTE 6 ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

	30.06.21	30.06.20	31.12.20
Eigenkapital	583.881	548.546	566.152
- Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert	-18.680	-14.034	
- Frådrag	-71.767	-69.983	-68.130
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	493.434	464.529	498.021
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Statar og sentralbankar	2.724	16.920	12.290
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)		3.286	3.005
Offentleg eigde foretak		0	0
Institusjonar	35.241	37.806	31.216
Foretak	579.167	67.110	70.851
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.015.106	1.395.269	1.398.773
Forfalte engasjementer	42.255	265.502	219.114
Høgrisiko	94.781	0	48.981
Obligasjonar med fortrinnsrett	0	7.235	0
Andeler i verdipapirfond	42.614	51.806	38.634
Eigenkapitalposisjonar	71.714	75.748	78.793
Øvrige engasjement	26.058	58.114	25.143
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	1.909.660	1.978.796	1.926.800
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden	164.095	151.428	164.095
Sum berekningsgrunnlag	2.073.755	2.130.224	2.090.895
Kapitaldekning i prosent	23,79 %	21,81 %	23,82 %
Kjernekapitaldekning i prosent	23,79 %	21,81 %	23,82 %
Rein kjernekapitaldekning i prosent	23,79 %	21,81 %	23,82 %

KONSOLIDERING AV SAMARBEIDANDE GRUPPER

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.

Banken har eigarandel på 7,31 % i Verd Boligkreditt AS og 1,59 % i Brage Finans AS.

	30.06.21	30.06.20	31.12.20
Konsolidert rein kjernekapital	557.624	534.740	562.737
Konsolidert kjernekapital	564.280	541.196	569.198
Konsolidert kapitaldekning	573.142	550.507	577.793
Konsolidert berekningsgrunnlag	2.570.155	2.534.305	2.520.765
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	21,70 %	21,10 %	22,32 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	21,96 %	21,35 %	22,58 %
Konsolidert kapitaldekning	22,30 %	21,72 %	22,92 %

BANKEN SINE KAPITALKRAV

Minstekrav kjernekapital	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %
Systemrisikobuffer	3,00 %
Motsyklisk buffer	1,00 %
Krav til rein kjernekapitaldekning	11,00 %
Krav til kjernekapitaldekning	12,50 %
Krav til kapitaldekning	14,50 %
Banken si vurdering av Pilar 2-kravet	1,90 %

BANKEN SINE KAPITALMÅL

Banken er ikkje underlagt Pilar 2-krav frå Finanstilsynet.

Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital og kapitaldekning på konsolidert nivå.

Mål for rein kjernekapitaldekning	16,00 %
Mål for kjernekapitaldekning	17,00 %
Mål for kapitaldekning	19,00 %

NOTE 7 LIKVIDITET

	30.06.21	30.06.20	31.12.20
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	151,0 %	186,0 %	160,0 %